

Atle Hansen

Flukt

Samlaget
Oslo 2013

Rett under fjellet ligg det eit tomt hus, som plutselig ikkje er tomt lenger. Nokon har flytta inn, men vil ikkje bli sett. Er det dei rømde asylbarna, eller kanskje den farlege fangen som har slått seg til der? Og kva i all verda gjer ein når ein oppdagar noko som er hemmeleg?

Huset er mørkt og stengt som alltid.

Eg listar meg fram til naustet
som ligg nærast Huset under Hammaren.
Døra heng skeivt på øvste hengsla.
Golvplankane er gamle.
Somme stader er det store hòl mellom dei.
Det er ganske mørkt her inne.
Litt lys slepp likevel inn gjennom gliper i veggene
og den halvopne døra.
Nok til at eg kan sjå kor eg set føtene.

Ein robåt ligg kvelva på golvet.
Gamle garn heng frå taket.
Teiner og ruser er stabla opp i eine hjørnet.
Dei andre hjørna ligg i skugge.
Ein måse klagar seg på taket.
Småbølgjer skvulpar langs steinar og strand.
Brått pilar noko svart over golvet framfor meg
og fyk ut døra.

Ein stor katt som hadde gøymt seg her.
Eg støkk så hjarta vil stoppa.
Eg blir ståande stiv som ein påle.
Held pusten. Lyttar.
Måsen held på med sitt. Bølgjene òg.
Men andre lydar er det ikkje her.

Eg går inn i den mørke kroken til høgre for døra.
Der har eg utsyn mot huset
gjennom sprekkene i bordkledninga.
Det står ein kasse på golvet som eg kan sitja på.
No er det berre å venta.
Ikkje noko hender.
Huset ligg der like stille og stengt.
Ikkje eit lys innanfor vindaugo.
Ikkje ein lyd.
Ikkje noko som rører seg.
Eller var det det likevel?

Var det ikkje ei lita rørsle i eine gardina
i første etasje?
Gardinene er trekte føre.
Det har dei ikkje vore før.
Me har jo kunna kikka inn i stova
og sett at bord og stolar har stått der

og venta på at folk skal flytta inn.
Det er folk der, heilt sikkert.
Folk som ikkje vil at nokon skal sjå dei.
Folk som gøymer seg vekk.

Ute byrjar det å regna.
Feite dropar fell som ei elv frå himmelen.
Det blir kaldare.
Eg kjenner at eg har for tynne sokkar i støvlane.

Eg frys.
Frys du på føtene, så frys du i heile deg,
plar mamma seia. Eg kjenner at ho har rett.
Klokka byrjar nærma seg tid for å gå heim òg.
Og dei som gøymer seg i huset,
har nok ikkje tenkt å visa seg.
Dei må ha sett at eg kom.

Eg trekkjer hetta over hovudet og går ut.
Mellom naustet og Huset under Hammaren
er det ei gammal båtstø.
På begge sider av støa ligg det store steinar.
Eg løftar vekk nokre av steinane,
legg sjokolade og mjølkekartong ned i hòlet
og legg steinane på plass att.

Så går eg.
Viss nokon har sett kva eg gjorde,
er nok sjokoladen og mjølka borte i morgon.

«Har du sett sjokoladeplatene

som låg i skuffa på kjøkenet?»

ropar mor då eg kjem inn.

«Eg hadde tenkt å laga varm sjokolade til deg når du kom heim, men eg finn dei ikkje.»

Eg kunne sagt at eg hadde teke dei med til Karl og kokt sjokolade der. Det ville ho ha trudd.

Eg kunne ha snakka sant

og sagt at dei låg under ein stein nede ved sjøen.

Det ville ho ikkje ha trudd på.

Men eg svarar ikkje i det heile.

Eg berre ropar inn til henne

at eg går på rommet mitt for å gjera lekser.

Eg slår på pc-en i staden.

Leitar på nettet etter noko nytt om dei to ungene.

Politiet er byrja å leita i nabokommunane, står det.

Dei ber folk ha augo opne og komma med tips.

På skulen deira har elevane sett i gang aksjon
for at dei to ungane skal få opphald.
Nokre politikarar seier at born som har vore så
lenge i landet, må få bli.
Andre seier at me må følgja lova.
Dei som ikkje har rett til opphald,
har ikkje rett til opphald og må ut av landet.
Me kan ikkje hjelpe alle.
Eg ser namna deira. Bilete av dei.
Eg er sikker på at dei har sett meg òg.